



NVE

Grunneigarar/rettshavarar

Vår dato: 12.05.2026

Vår ref.: 202411838-65 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Sakshandsamar:

Guttorm Edman Jørgensen

gejo@nve.no

NVE gjev Fagne AS konsesjonsløyve og samtykke til oreigning for 66 (132) kV kraftleidning mellom Fitjar og Tysnes og ny Tjøreneset transformatorstasjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag fatta vedtak om å gje Fagne AS anleggskonsesjon og samtykke til oreigning til å byggje, eige og drive ein ny 66 (132) kV kraftleidning frå Midtfjellet transformatorstasjon på Fitjar til Søreid i Tysnes kommune i Vestland fylke. Tillatinga gjeld òg ein ny transformatorstasjon på Tjøreneset og omlegging av delar av eksisterande luftleidning mellom Langeland og Otteråi på Tysnes. Omlegging av dagens nett og bygging av nye Tjøreneset transformatorstasjon avheng av om ny E39 vert utbygd på Tysnes, og NVE føreset at dette ikkje vert gjort om ikkje vegen blir vedteke utbygd.

Konsesjonsdokumentet, oreigningsløyvet, notatet «Begrunnelse for vedtak» av i dag og kart som syner tiltaka er tilgjengelege på www.nve.no/20419/A.

Oreigningsløyvet gjeld naudsynt bruksrett eller utviding av eksisterande bruksrett i kraftleidningstraseen, bruksrett til riggplassar og åtkomstveger og eigeomsrett til tomt for transformatorstasjon.

Partsinnsyn

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, gå til www.einnsyn.no, eller ta kontakt med sakshandsamar i NVE.

Klagerett

Du kan klage på avgjerdene, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til søkar før saka vert lagt fram for Energidepartementet.

Spørsmål?

Ved spørsmål eller behov for nærmare opplysningar, ta kontakt med Tanja Midtsian på e-post tcm@nve.no eller tlf. (+47) 22 95 94 93.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med hilsen

Tanja Midtsian
seniorrådgiver

Ingrid Myrtveit
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Mottakerliste:

Grunneigarar/rettshavarar

Kopimottakerliste:



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket, vil vi sende klagen til ED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.